



Terje og Linn Helen Steinsland
Schriverhaugen 22
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3596 - 15/20722

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
18.11.2015

Søknad om oppføring av garasje på gbnr 23/463, Schriverhaugen- Trong for tilleggsdokumentasjon

Meland kommune viser til Dykkar godkjenning av dispensasjon på vilkår for oppføring av garasje på gbnr 23/463 i Schriverhaugen (DNT-vedtak 294/2014). Vilkår for å få dispensasjon var at grunnflata blei redusert med 13 m² og takvinkel blei satt til 38 grader.

Meland kommune mottok 28.10.2015 nytt situasjonskart som vedlegg til søknad, der grunnflata er redusert frå 47,52 m² til 39,2 m². Garasjen er redusert, men ikkje i tråd med det vilkår som var satt i dispensasjonssaka, vidare kan ikkje administrasjonen sjå at tilleggsdokumentasjon som er komen inn er tilstrekkeleg for å kunne godkjenne tiltaket.

Søknaden er ikkje komplett for handsaming og følgjande dokumentasjon må sendast inn:

- Sjølv søknadsskjema for tiltak etter Plan- og bygningslova (Pbl.) Kap. 20. (Sidan tiltaket er endra må oppdatert søknad sendast inn).
- Snitt og fasadeteikningar av garasjen målsatt og i riktig målestokk.
- Garasjen skal teiknast inn på situasjonskart, målsatt og i riktig målestokk
- Planteikning som viser begge etasjane.

I vurderinga skreiv administrasjonen mellom anna at:

«..Ved redusering av tiltaket må arealet framfor garasjeinngangen bli større. Det må sikrast at det skal vera plass til ein biloppstillingsplass framfor garasjeporten..»

Vidare råda administrasjonen til at minstegrensa på 1 meter blir ivaretatt av omsyn til brannsikring og framtidig vedlikehald.

Ut i frå situasjonskart som er journalført 28.10.2015, er garasjen trekt 1 meter frå nabogrensa, men berre redusert 0,2 m i lengderetningen. Som betyr at arealet framfor garasjen vert 0,8 meter *mindre* enn det som først var omsøkt, og som administrasjonen då vurderte til å vera knapt i forhold til manøvringsareal og plass for biloppstillingsplass framfor garasjeinngangen. Det skal og visast at det er mulig å snu på eigen grunn.

Tiltaket må prosjekterast i samsvar med dei vilkår som er satt i dispensasjonssøknaden. Dersom det ikkje er mulig å planlegge garasje av denne størrelsen utan å bryte tekniske krav og arealplan for område må tiltakshavar velje garasje av mindre størrelse.

- Det vert vidare skrevet i dispensasjonssaka at dersom garasjen skal ha varig opphald med soverom og bad, kan ikkje tiltakshavar søkje om tiltaket etter *Pbl § 20-4*. Og søknaden vert eit tiltak etter *Pbl § 20-1*, kor det er krav til at eit ansvarleg føretak godkjent for denne typen tiltak søker om tiltaket.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova Kap. 20 ligg føre. Saka vert lagt i ventearkiv i påvente av at naudsynt dokumentasjon er innsendt. Når søknaden er komplett, vil den takast opp til ordinær handsaming. Det vert vist til DNT- vedtak 294/2014.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Terje og Linn Helen Steinsland

Schrøverhaugen 22 5918

FREKHAUG